

Saksbehandlar: Sissel Brusegård, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 18/1468-1

## **Stimuleringsstilskot for fag- og yrkesopplæringa**

**Fylkesdirektøren rår fagopplæringsnemnda til å gje slik tilråding:  
Fagopplæringsnemnda rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesrådmannen får mynde til å disponere stimuleringsstilskotet for fag- og yrkesopplæringa i 2018, kr 4.895.000,-, til følgjande tiltak:
  - a. Formidling av lærekandidatar og lærlingar med låge karakterar/stort fråvære, stillingsressurs
  - b. Inntil kr 30.000,- i tilskot til bedrifter som tek inn lærekandidatar under 18 år (lønsmidlar)
  - c. Inntil kr 50.000,- i ekstratilskot til lærebedrift for kvar søker til læreplass som er vanskeleg å formidle på grunn av låge karakterar, stort fråvære eller vesentlege tilretteleggingsbehov (utprøving i bedrifta, inntil 3 mnd.)
  - d. Oppfølgingstiltak for lærlingar og lærekandidatar der det undervegs i læretida vert avdekka behov for ekstra tilrettelegging
  - e. Yrkesfagleg nettverk
  - f. Nettverk for jenter i mannsdominerte lærefag og for gutar i kvinnedominerte lærefag
  - g. Tilskot til ekstraopplæring for lærlingar med feil fordjuping/omval frå andre utdanningsprogram
  - h. Kvalifisering av søkjarar med manglande karaktergrunnlag i fellesfag og/eller programfag
  - i. Oppdateringskurs for prøvenemnder
  - j. Vg3 i skule som alternativ til læreplass i eige fylke, eller kjøp av vg3 plassar i andre fylke
  - k. Tilskot til nye lærebedrifter på kr 30.000 ,- til bedrifter som teiknar lærekontrakt/opplæringskontrakt for fyrste gong. Midlane skal tildelast etter følgjande kriterium:
    - o Bedrifta må vere ny som lærebedrift (ikkje ha hatt lærlingar siste 7 åra)
    - o Bedrifta må teikne lærekontrakt/opplæringskontrakt med ein søkjar med ungdomsrett
    - o Bedrifta må forplikte seg til å sende instruktør/fagleg leiar på instruktørkurs
  - l. Styrking av instruktør opplæringa for nye lærebedrifter, tilskot på kr 5.000,-
  - m. Støtte til fylkesmeisterskapet (skulemeisterskapen) for yrkesfag
  - n. Støtte til deltaking i Skule-NM for yrkesfag (utgifter utover 1 deltakar per skule)

## SAKSFRAMSTILLING

### Bakgrunn:

Det er i budsjettet for 2018 sett av 4,895 millionar kr. til stimuleringsmidlar i fag- og yrkesopplæringa.

Stimuleringsmidlar er ei vidareføring av særskilt ekstraløyving, første gongen gitt fylkeskommunane i 2009 som verkemiddel for å dempe verknadane av finanskrisa. Midlane inngår som ein del av rammetilskotet til fylkeskommunen.

I Sogn og Fjordane har vi dei siste åra hatt ulike profilar på bruken av desse midlane. Opplæringskontora har delteke i drøftingar om bruken av midlane, og har kome med innspel til kriterium for tildeling.

Fram til og med 2012 nytta ein deler av midlane til stimuleringsstilskot for nye lærebedrifter. I 2012 rekrutterte ein mange nye lærebedrifter, og ein valde difor å ta bort ordninga med stimuleringsstilskot for nye lærebedrifter frå 2013. I statsbudsjettet for 2014 vart det løyvt ekstramidlar til fylkeskommunane til å auke i lærlingstilskotet på kr 50.000 i tilskot til nye lærebedrifter. Tilskotet kom difor inn att i 2014.

I statsbudsjettet er ordninga vidareført i rammetilskotet til fylkeskommunane, på same nivå, men frå 2016 med endra innretning. Frå 2016 er intensjonen i statsbudsjettet at fylkeskommunen kan nytte midlane for å motverke auka arbeidsløyse blant unge. Det er mellom anna omtala at midlane kan nyttast til å auka lærlingstilskot for spesielt utsette fagområde, eller til tiltak for å sikre at yrkesfagelevar som ikkje får læreplass og må ta vg3 i skule for å få eit kvalitativt godt tilbod.

Bruken av stimuleringsmidlane har i hovudsak vore retta mot individuelle tiltak. Det har vore store variasjonar i talet elevar/lærlingar som har vore aktuelle for dei enkelte tiltaka og bruken av midlane har såleis vore lite føreseieleg. I 2017 var det sett av om lag 4,8 mill. kr til stimuleringsmidlar fagopplæring. Løyvinga vart ved 2. tertial auka med 1,5 mill. kr<sup>1</sup> til 6,3 mill. kr. Resultatet for 2017 viser eit mindreforbruk i høve budsjettet på om lag 1,5 mill. kr.

### Tilrådde tiltak:

Fylkesdirektøren rår til at tiltaka frå 2017 i hovudsak vert vidareført.

#### Formidling av lærekandidatar og lærlingar med låge karakterar/stort fråvære - stillingsressurs

Frå 2010 har ein brukt av stimuleringsmidlane til frikjøp av ein stillingsressurs til å arbeide med å rekruttere nye lærebedrifter og til formidling og tett oppfølging av lærekandidatar. Dette er eit arbeid som har hatt stor effekt. Frikjøpsressursen har dei seinaste åra særleg vore retta mot arbeidet med gode prosessar rundt formidlinga av lærekandidatar. Tett samarbeid med dei vidaregåande skulane om tidleg kartlegging av potensielle lærekandidatar, nært samarbeid med NAV i tidleg fase og aktivt arbeid frå skulane med å finne aktuelle bedrifter har vore vesentlege suksessfaktorar. Det har også vore tett oppfølging av den einskilde lærekandidat i bedrifta, noko som syner att i svært lite fråfall av lærekandidatar i vårt fylke.

#### Inntil kr 30.000,- i tilskot til bedrifter som tek inn lærekandidatar under 18 år.

Ei forskriftsendring med verknad frå 01.01.16 gjer at ungdom under 18 år ikkje kan få tiltaksmidlar frå NAV. Dette har innverknad for lærekandidatane som fyller 18 år seint på året og lærekandidatar som startar i bedrift etter eitt år i skule. Fylkesdirektøren ønskjer difor å kunne nytte midlar slik at denne gruppa får teikna opplæringskontrakt før dei fyller 18 år. Konsekvensane for den enkelte av å måtte vente til ein er 18 år før ein får teikna kontrakt kan vere store med tanke på å få fullført opplæringa.

#### Inntil kr 50.000,- i ekstratilskot til bedrifter for kvar søkjar til læreplass som er vanskeleg å formidle

Kvart år syner det seg at ein del søkjarar har vanskar med å skaffe seg læreplass. Det kan skuldast svakt karaktergrunnlag, nedsett ordenskarakter, stort fråvær eller andre grunnar.

<sup>1</sup> Som følgje av endring i Kostra frå 2017 skal tilbod om opplæring i skule som alternativ til opplæring i bedrift rekneskapsførast på fagopplæring i arbeidslivet og ikkje, som tidlegare, på teneste 5210 Utdanningsprogramma.

Lærebedriftene avgjer sjølve om dei vil tilsetje lærling og kven dei vil tilsetje. Fylkeskommunen har ikkje styringsrett over lærebedriftene. Lærlingar har heller ikkje prøvetid slik som andre arbeidstakarar. Dersom fylkeskommunen kan gje eit lønstilskot til bedrifta slik at søkjaren kan få «synt seg fram» og bedrifta får ei «prøvetid». På denne måten er det lettare å få bedrifta til å prøve ut søkjaren. Målet med utprøvinga er at bedrifta skal teikne lærekontrakt med søkjaren etter utprøvsperioden, noko som svært ofte skjer. Starttidspunkt for kontrakten blir då tilbakedatert til den dato utprøvinga starta. Tilbakemelding frå opplæringskontora er at dette er heilt naudsynt for å få denne gruppa elevar ut i lære.

#### Oppfølgingstiltak for lærlingar og lærekandidatar der det undervegs i læretida vert avdekka behov for ekstra tilrettelegging

Det viser seg at det av og til ut i læretida vert avdekka manglar i tidlegare opplæring. Det er då behov for ekstra tilrettelegging for at lærlingen skal kunne oppnå fagbrev. Bedrifta/opplæringskontora må inn med meir ressursar for at lærlingen skal kunne tileigne seg tilstrekkeleg kompetanse. Opplæringskontora melder at dette kanskje er det viktigaste tiltaket for å auke gjennomføringa. Ordninga med midlar til ekstra tilrettelegging/instruktørstøtte vert administrert av fylkesdirektøren og det er kort sakshandsamingstid. Det betyr at tiltak kan setjast i verk raskt, og ein kan på den måten unngå heving av lærekontrakten.

#### Styrking av arbeidet i yrkesfagleg nettverk

Kvar av dei vidaregåande skulane skal byggje nettverk med lokale, relevante bedrifter og verksemder knytt til kvart av dei yrkesfagleg utdanningsprogramma skulen har. Dette har fungert noko ulikt, men stort sett har skulane knytt til seg bedrifter som dei m.a. nyttar til utplassering av elevar i faget yrkesfagleg fordjuping (YFF). Der nettverksarbeidet har fungert godt, ser ein tydeleg gevinst i arbeidet med YFF, formidlingsprosessen og samarbeid om kompetanseheving. I 2016 prioriterte fylkesdirektøren hospiteringsmidlar til samarbeid mellom bedrifter og lærarar i ulike programområde. Nettverka har utarbeidd lokalt tilpassa læreplanar i YFF. Denne prioriteringa har ført til auka aktivitet i dei lokale nettverka. Nettverka har òg fått nasjonal merksemd. I den nye versjonen av samfunnskontrakten (2016-2020) er nettverk for å skaffe læreplassar eit av tiltaka som er omtala. Fylkeskommunen er forplikta av samfunnskontrakten som del av KS.

#### Nettverk for jenter i mannsdominerte lærefag og for gutar i kvinnedominerte lærefag

Opplæringskontora som har lærlingar i dei mest mannsdominerte faga har i samarbeid arrangert samlingar for jenter som har lærekontrakt i slike fag sidan 2014. Tilbakemeldingane frå samlingane er gode og dette er både eit rekrutterings- og stabiliseringstiltak. Tilsvarande har det vore ønskje om samlingar for gutar i kvinnedominerte fag. Opplæringskontora som deltek i tiltaket meiner det er viktig at ordninga held fram.

#### Lærlingar med feil fordjuping/omval frå andre utdanningsprogram.

Lærlingar som vel, eller får tilbod om læreplass i eit fag der dei ikkje har rett bakgrunn treng ekstraopplæring for å få fagbrev. Bedrifter/opplæringskontor må difor nytte meir ressursar på denne gruppa.

#### Kvalifisering av søkjarar med manglande karaktergrunnlag i fellesfag og/eller programfag.

Elevar med IV eller karakteren 1 i første termin vil bli tettare følgd opp fram mot avsluttande karakter. Søkjarar til læreplass som manglar vurdering i eitt eller fleire fag har dei to siste åra fått tilbod om å kvalifisere seg gjennom læreplasskurs.

#### Oppdateringskurs for prøvenemnder

For å sikre kvaliteten på opplæringa er det viktig at prøvenemndene får dei oppdateringar som er nødvendige for deira fagområde. Dette vert tilrettelagt gjennom e-læringskurs og samlingar for prøvenemndene.

#### Vg3 i skule som alternativ til læreplass i eige fylke eller kjøp av vg3 plassar i andre fylke

Inntaksforskrifta slår fast at søkjarar som ikkje har fått tilbod om læreplass til 1. september skal få tilbod om vg3 i skule som alternativ til læreplass. Sogn og Fjordane fylkeskommunen har starta vg3 i eige fylke og kjøpt plassar i andre fylke for dei elevane det ikkje er grunnlag for tilbod i eige fylke. Om ein ikkje lukkast med tidleg formidling er desse tilboda heilt naudsynte. Fylkesdirektøren legg vekt på at deltakrane i tilboda skal få så mykje som mogleg av opplæringa ute i bedrift gjennom hospitering ol. Dette krev ressursar, men resulterer ofte i at elevar som har byrja på vg3 opplæring i skule får tilbod om læreplass. I 2016 har ein i enno større grad enn tidlegare laga individuelle opplegg i enkeltfag på vg3-nivå.

#### Tilskot til nye lærebedrifter

Erfaringa viser, og tilbakemeldinga frå opplæringskontora er, at dette er viktig for å rekruttere nye lærebedrifter. For å sikre at dette er reelle nye lærebedrifter tilrår fylkesdirektøren at midlane skal tildelast etter fylgjande kriterium:

- o Bedrifta må vere ny som lærebedrift (ikkje ha hatt lærlingar siste 7 åra)
- o Bedrifta må teikne lærekontrakt/opplæringskontrakt med ein søkjar med ungdomsrett
- o Bedrifta må forplikte seg til å sende instruktør/fagleg leiar på instruktørkurs

#### Styrking av instruktør opplæringa for nye lærebedrifter

For å heve kvaliteten på opplæringa i dei nye lærebedriftene er det viktig med gode instruktørar. Det kan vere krevjande, særleg for små bedrifter, å ta medarbeidarar ut av produksjonen for å la dei delta på kurs som instruktør opplæringa. Erfaringa er at tilskotet aukar deltakinga.

#### Støtte til fylkesmeisterskap og Skule-NM

Fylkesmeisterskap for yrkesfag er eit meisterskap der elevane konkurrerer innanfor sitt fagområde. Dei beste i sitt fag går vidare til Skule-NM. Meisterskapen har vore gjennomført dei tre siste åra. Deltakinga har auka og i 2018 var det deltaking frå åtte av våre vidaregåande skular i fylkesmeisterskapet. Elevane får oppgåver som dei trenar på i forkant av meisterskapet for å vera mest muleg budd til deltakinga. Både elevar og lærar gir gode tilbakemeldingar på arrangementet og opplever at det har ein nytteverdi for elevane og at det er ein viktig arena for å vise fram yrkesfaga. Skulen der meisterskapen blir halden er open for publikum og fleire ungdomskular legg turen innom.